



Grammatikkoppgåver til eit myldreilde

Ta utgangspunkt i bildet *Vinterlandskap nær ein landsby* av Hendrick Avercamp eller til dømes eitt av bilda frå boka *Året rundt i Vrímleby*.

- 1 Skriv setningar ut ifrå bildet. Bruk verba i presens.
- 2 Skriv dei same setningane i preteritum.
- 3 Ser du nokon skilnader og likskapar mellom korleis verba blir bøygde? Kva er skilnaden på sterke og svake verb?
- 4 Finn fire substantiv av kvart kjønn og bøy dei. Kan du formulere reglar for korleis vi bøyer substantiv på nynorsk?
- 5 Finn ti substantiv i bildet og lag adjektiv til dei. Så finn du ti verb, og lagar adverb til dei
Døme: Sure sokkar, sterke bjørnar, giftige soppar
Springe sakte, skrive prydeleg, synge skjerande, hoppe høgt.
Kva er skilnaden på adverb og adjektiv? Korleis er plasseringa av adjektiv og adverb i setningar?
- 6 *Lang* er eit adjektiv, *langt* og *lenge* er adverb. Korleis blir dei gradbøygde?
- 7 Vel ein av personane på bildet, og skriv kva som har hendt vedkommande tidlegare på dagen. Samarbeid to og to med å finne verba i tekstane til kvarandre. Kva for nokre av desse verba er sterke verb? Kva karakteriserer eit sterkt verb?
- 8 Finn verba i denne teksten og bøy dei: Mannen som joggar, heiter Samuel. Han arbeider på ein fabrikk som produserer bildelar. Han synest det er viktig å halde seg i form, og derfor spring han gjerne ein tur saman med hunden sin. Når han kjem heim, skal han setje seg i godstolen og lese ei bok. Etterpå skal han hjelpe kona si med å henge opp nye lamper, og så skal dei gjere hagen klar for vinteren.

Kva for nokre av verba er sterke og svake?
- 9 Korleis kan vi finne ut om dei svake verba er e-verb eller a-verb?